

Poeng:	Oppgåve:
100	Snakk med kvarandre om det som skjedde i filmen. • Kva gjorde Alex, Filip og læraren som var bra? • Kva kunne dei gjort annleis?
200	I starten av filmen skriv Alex ei melding til Filip der han fortel at han er trist fordi foreldra hans har flytta frå kvarandre, men han slettar den i staden for å sende den. Oppgåve: Kva kunne Filip gjort viss han fekk denne meldinga? Jobb saman og bli einige om eit godt forslag til svar som kan få Alex til å kjenne at Filip støttar han og vil hjelpe. Skriv forslaget på baksida av arket!
100 Pr spill	Vis korleis det kan sjå ut når nokon skjuler ein følelse under ein annan. Samarbeid ved at alle prøver å vise dei ulike situasjonane og de hjelper kvarandre å få det til.  Rollespel 1: Sorg skjult som glede Eleven har mist eit kjæledyr, men seier: “Det går kjempebra med meg, det var jo berre ein katt liksom, vi skal jo få ein ny.” Vis korleis sorga likevel kan merkast – t.d. ved låg stemme, blanke auge og stille kroppsspråk.  Rollespel 2: Sinne skjult som ro Eleven har blitt urettferdig behandla, men seier: “Det går bra, eg bryr meg ikkje.” Vis korleis sinnet likevel kan merkast – t.d. ved spente skuldre, harde rørsler og kort tone.  Rollespel 3: Skam skjult som likegyldigheit Eleven har gjort noko pinleg, men seier: “Det var ikkje så farleg, eg bryr meg ikkje.” Vis korleis skamma likevel kan merkast – t.d. ved å trekkje seg unna, raudne, låg stemme.
100 Pr spill	Øv på korleis de kan seie og gjere noko som hjelper den følelsen som ligg under. Spel situasjonane om igjen, og denne gongen skal de òg trene på å vise støtte:  Rollespel 1: Ver litt trist i andletet ditt og svar med å seie: «Eg forstår godt om du òg er litt lei deg likevel, for ein blir jo veldig glad i dyra ein bur med. Eg hadde nok vore trist.»  Rollespel 2: Ver litt frustrert i andletet ditt og svar med å seie: «Eg forstår godt om du òg blei litt sint, for dette var jo verkeleg ikkje greitt!»  Rollespel 3 Ver snill i andletet ditt og svar med å seie: «Det er bra då. Eg hadde nok blitt ganske flau, sjølv om det er heilt vanleg å gjere sånne ting. Eg synest du er kul som torde å prøve!»